

Klesvasken før i tida

Åse Eikemo Strømme

Tidene forandrar seg. Den teknologiske utviklinga kjem oss i møte hurtigare og hurtigare.

Slik har også arbeidet for husmora stendig endra seg til det betre.

Når eg tenkjer attende på slitet og arbeidet som husmora hadde før i tida med reinhald og vasking av tøy og klede, ja så vil eg hermed skriva det ned slik eg hugsar det frå min barndom. Heime hadde me innlagt vatn frå ein brønn som skulle dekkja det som vart brukt både i heimen og til dyra i floren. Til sine tider måtte det sparast på vatnet. I kjellaren var det innlagt vatn, og ved- og kokekomfyr til vaskegryta og koparkjelen. Elektrisk straum fekk me først på garden sommaren 1947.

Klesvasken tok ein heil dag i kjellaren. Dette var før me fekk vaskemaskin i huset.

Kor ofte dette gjekk føre seg, hugsar eg ikkje no, men det vanlege var vel kvar 14. dag. Det vart ikkje bytt så ofte kle, og utvalet var heller var ikkje slik som seinare. Dette var like etter krigsåra og framover. Kvelden før gjekk mor i kjellaren og sette klea i bløyt i såpevatn. Ho varma opp lunka vatn i koparkjelen til dette. Kviteklea, slik som sengetøy, handdukar og underklede vart lagt i ein stamp for seg. Det var fleire trestampar i kjellaren, som far truleg hadde skaffa seg frå butikken som sirupsfat som vart delte i to. Det var også sinkbaljar. Plasten hadde endå ikkje gjort sitt inntog. Arbeidstøyet, som skjorter, blusar, skjørt og bukser vart ikkje lagt i bløyt. Dette truleg av den grunn av det kunne setja farge på tøyet, farga av. Derimot vart dei skitne florsklea lagt i såpevatn for seg sjølve. Det kunne vera godt med møk og kanskje også blod på dei som måtte løysast opp. Serleg vart florsklea ekstra skitne under lamminga om våren og kalvinga om hausten.

Så kom den store vaskedagen. Straks etter at mor var ferdig i floren starta ho opp i kjellaren med å varma opp rikeleg med vatn. Kviteklea vart skålte opp av bløytevatnet og sette på kok i kjelen. Der vart det også strødd

ut i vaskepulver. Kva namnet var på det hugsar eg ikkje. Men før det vart det oppvarma vatnet sleie opp i ein stamp, og så var det å gå laus på vasking av det kulørte tøyet. Det var vaskebrett med riller av sink, og seinare kom det eit vaskebrett med riller av glas. Det var mykje betre å vaska på. Dei minst skitne klesplagga vart tekne først. Dei vart krysta og skubba opp og ned på vaskebrettet, og så kontrollerte på at alle flekkar vart skrubba av. Så kom dei skitnaste arbeidsbuksene og jakkene på brettet. Då måtte skurekosten fram. Kne og baken og armar der det var mest skite måtte skurast vel reine.

Om hausten koka mor såpe av talg, kaustisksoda og lut, og det var noko som tok skiten. Etter kvart som denne prosessen var over hamna dei nyvaska klea i ein stamp, etter at handemakta hadde vridd ut det meste av skittvatnet. Og no var det klart for skåling i reint vatn. I medan hadde kjelen med kviteklea koka seg ferdig. No vart kokevatnet sleie over i ein ny



vaskestamp og spedd ut med kaldt vatn som hendene kunna tåla varmen av. Så var det i gang med vaskebrettet. No var det å skubba alle flekkane opp og ned på vaskebrette, og få alt reint. Så på ny vridding ut av vaskevatnet med handemakt, og opp i ein stamp klar for skyljing. På ny vart det varma opp vatn, for no var det ulltøyet som skulle vaskast. Det skulle ikkje ha særleg varmt vatn. Det var ullundertøy, trøyer, sokkar, leistar og vottar. Til det vart det brukt ei midlare såpe. Dette måtte heller ikkje skålast i kaldt vatn, for då ville det krympa, så det vart på nytt varma opp skyljevatt til dette.

Men no tok skyljinga av den øvrige klesvasken til, og det føregjekk i Storelva. Det var å trilla sinkstampene fulle med tøy på ei trillebåre om sommaren og på ein kjelke bortover bakkane om vinteren, så gjekk ferda bort gjennom Neset og ned elvebaren til ein stad i elva me kalla Rekjet. Der rann elva friskt mellom steinane før ho enda nedanfor i ei god atdebære. Som oftaste var der lite is attmed steinane, men det måtte

kanskje også hoggast ei råk. Her vart klea skålte plagg for plagg, og hendene til ho som hadde denne jobben vart både blåfrosne og til sine tider fulle av neglebit. Ho måtte rett som det var slå flokar. Om sommaren var dette eit heller triveleg arbeid. Etterpå vart klea borne opp att på elvebaren og hengde opp. Det var klesnor heime i tunet, men dei faste hesjene vart også nytta, så dei kom til nytte ikkje berre til gras og høy.

Det lyt også forteljast at om sommaren føregjekk mykje av klesvasken også borte ved Storelva, Ekso. Eg kan hugsa at far murte opp ei grue for kjelen til oppvarming av vatn og klekoking. Det var kjekke dagar. Det vart trilla til ved, kjelar og stampar og kler som skulle vaskast. Det var serleg storvasken etter vinteren som føregjekk då. Det hadde samla seg opp meir av større sengkle, dukar, og ikkje minst ullteppe som trong skikkeleg vask. Måten dette vart gjort på var som heime i kjellaren. Det var alltid sol slike dagar, og triveleg å få vera med som born. Me fekk tidleg opplæring i å vaska kle på denne måten.

Om våren i solskinet vart også ein god del av kviteklea lagde på bleik. Etter eit par dagar på bleikeplassen vart dei så på nytt skålte i elva. Om dette har eg eit minne. Ho mor hadde lagt på bleik ein kvit linduk ho var redd for. Ut av alt greidde kalvane, som gjekk på vårbeitet bortanfor steingarden, Garden som me sa, bryta seg om garden og kom setjande yre og ville opp gjennom tunet og bort i Neset på bleikeplassen til mor. Før ho greidde stansa dei, hadde alt den eine kalven byrja tyggja på linduken. Ho drog den or halsen på den så slevene rann. Han hadde alt då greid å bita han noko sund i eine hjørna, og det låg ein brun flekk etter han, som ho mor streva med å få bort. Duken vart nok stoppa og reparert på beste måte, men namnet den fekk etterpå var Kalvaduken.

Slik var den gamledagse klesvasken.

Midt på 1950 talet fekk mor overta ei gamal vaskemaskin etter onkel Johannes på Breistein. Den vart kalla for Vaskebjørn og var vel helst som ein stor kleskokar. Og så fylgde det med noko me kalla for ei stauka. Det var ein stokk som i eine enden hadde ei stor fjør, som var innkledd med eit stoff, og med ei plate i botnen. Den var ypperleg til å stauka klea med oppe i ein stamp. Skiten losna meir og meir etter kvart som ein stauka. Det var eit stort framskritt. Men framleis var det også på vaskebrettet, og skåling av klea i elva.



Anny Carlsen f. Eikemo, som skålar kle og set på steinen ho alltid brukte å sitja på når ho skålte på bleier og kle i elva til familien med 6 gutar. Utlånt av Geir Ove Carlsen.

Det vart eit stort framsteg då den nye vaskemaskina kom i slutten på 1950 talet. Namnet var Hobby, og ho vart innkjøpt gjennom Ivar Vetlejord, som reiste rundt som agent for vaskemaskiner. Maskina vart fylt med vatn og varma opp og klea vart vel vaska i første omgang. Det beste var at det var ei manuell vrirmaskin som stod oppe på maskina, så no slapp me bruka handemakt. Men skyljinga var det verre med. Då måtte maskina tømmast for vaskevatt, og nytt kaldt vatn vart tappa inn, gong på gong for å få ut såpevatnet. Det enda med at mor fann ut det var snarare å gjera som før, fylla i stampar og trilla kleda bort på elvebaren og ned i Storelva for skåling. Så heim att og vri det meste av skålevatnet ut att gjennom vrirmaskina, før dei no nesten halvturre kunne hengjast på snora. Men for ein lette dette var i byte mot dei lange vaskedagane i kjellaren og elva. Nevane vart nok no også blåfrosne under skyljinga i det kalde elvevatnet, men alternativet var kome i hus.

Det knyter seg mange minne frå farne tider om dei slitsomme arbeidsmetodane som var dåtidas kvinnearbeid.